

NATIONEN

DISTRIKTS-NORGES RIKSAVIS · NR. 78 · 2010 · www.nationen.no

* LANDBRUK · 10-11

- Kan tjene på klimaendringer



* INTERNASJONALT · 14-15

USA i ny kamp om kugalskap



NÆRINGSLIV · 4-7

Vindkraft for milliarder

I går ble omsider de første spadetakene for landets nest største vindmøllepark tatt på Jæren. Parken vil ha 32 møller og koste 1,2 milliarder kroner. NVE har gitt konsesjon til 21 vindkraftprosjekter i ti kystfylker, og disse kan gi strøm til om lag 250.000 husstander. Men lønnsomheten gjør at vindmøllene lar vente på seg.

* Energi

16 vindkraftprosjekt som kan gi straum nok til 200.000 hus har fått klarsignal til utbygging. Men **vindmøllene** let vente på seg.

16 vindkraftprosjekt klare til utbygging

Pågangen for å få byggje ut vindkraftanlegg har i lang tid vore stor, og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gitt konsesjon til 21 vindkraftprosjekt som så langt ikkje er påbegynt. Fem av desse er til klagebehandling, men dei 16 andre prosjekta kan byggjast ut på kort tid om utbyggjarane gir klarsignal.

– Vi har i lang tid hatt eit jamt tilsig av søknader om nye vindkraftprosjekt, men det er svært få som har bygd ut dei siste åra. Årsaka er at det ikkje er lønsamt å byggje ut med mindre anlegga får store beløp i støtte, seier seniorrådgjevar i NVE, Asle Selfors.

Straumprisen er for låg

Sjølv om straumprisen har gått kraftig opp den siste tida, er det likevel eit stykke fram før mange av vindkraftprosjekta blir lønsame.

– Straumprisen dekkjer berre opp to tredelar av det som må til. Slik det er i dag, må resten kome i form av støtte, seier Selfors.

Statsetaten Enova har løyvd store støttebeløp til fleire av vindkraftprosjekta, men det er likevel berre mindre prosjekt som er realisert dei siste åra. Smøla-utbygginga, som kom i to byggjetrinn i 2001 og 2003, er framleis landets største anlegg med ein produksjon på 330 GWh, ifølgje Selfors. Dei siste åra er det knapt blitt bygd ei vindmølle.

Samla er det i dag bygd ut vindkraft for rett i underkant av 1 TWh (1000 GWh) fordelt på 15 anlegg. Tre anlegg (på til saman 0,1 TWh) er registrert som «under utbygging». Dei fleste av dei større vindprosjekta som alt er bygd ut her i landet, er realisert ved hjelp av støtteordningar frå andre land, deriblant Nederland.

Målet som vart sett for rundt ti år sidan, var at 3 TWh skulle kome frå vindkraft i 2010. Dette er på langt nær innfridd. Med rundt 1 TWh er det mindre enn 1 prosent av straumforbruket her

i landet som i dag kjem frå vindkraft.

Dei 21 vindkraftprosjekta som har fått konsesjon, men som framleis ikkje er utbygd, har ein produksjonskapasitet på 4,7 TWh. Anlegga ligg fordelt på ti fylke langs kysten. Skulle klagene på fem av desse bli avslått, vil utbygging av prosjekta gi straum nok til å dekkje årsforbruket til rundt 250.000 husstandar.

102 prosjekt på trappene

I tillegg har NVE 35 søknader inne til behandling. Prosjekta det er søkt om konsesjon for kan gi ein produksjon på nye 9 TWh. På toppen av dette har NVE fått inn meldingar om vindkraftønske for 67 nye område, med eit produksjonspotensial på ytterlegare 24 TWh. Samla er det altså søknader og meldingar om 102 vindkraftprosjekt på til saman 33 TWh som er under behandling.

– Meldingane kjem inn til oss i ein svært tidleg fase, så mykje kan endre seg undervegs, kommenterer Selfors, som også understrekar at det er utenkeleg at alle desse prosjekta vil få grønt lys.

NVE har så langt gitt avslag på 18 konsesjonssøknader om utbygging av vindkraft.

Grøne sertifikat kan hjelpe

Innføringa av såkalla grønne sertifikat vil truleg gjere det meir lønsamt å byggje ut vindkraftprosjekta som ligg på vent. Selfors reknar med at fleire av prosjekta vil bli realisert den komande tida.

– Det er grunn til å tru at dei grønne sertifikat vil hjelpe på. Dette er eit marknadsbasert system der verdien av dei grønne sertifikat vil vere avhengig av interessa for å byggje ut.

– **Er det grunn til å tru på eit rush av vindkraftutbyggingar framover?**

– Det er det ikkje godt å seie noko sikkert om. Vasskrafta blir også med i ordninga, og sertifikatene blir

Fakta

Vindparken på Høg-Jæren

* **32 vindmøller** med ein høgde på 80 meter og eit vingespenn på 93 meter i diameter skal reisas i eit 4,5 kvadratkilometer stort område i kommunane Hå og Time på Høg-Jæren. Samla høgde til vingespissen blir over 120 meter.

* **Vindmølleparken** får ein installert effekt på 73,6 megawatt. Det skal gi 230 GWh i året, noko som er nok til å dekkje straumforbruket til nær 12.000 hus. Parken blir den nest største i landet etter dei to byggjetrinn på Smøla.

* **Kostnaden** er rekna til nær 1,2 milliardar kroner, der over 500 millionar er gitt som investeringsstøtte frå staten gjennom Enova.

* **Utbyggjar** er Jæren Energi AS, der japanske Eurus Energy er største eigar med 66 prosent av aksjene. Dei andre aksjonærene er dei Stavangerkontrollerte selskapa Norsk Vind Energi AS og Norsk Vindpro AS, med 17 prosent kvar.

* **Utbygginga** skjer på eigeidommen til 14 grunneigarar, som alle får ein kombinasjon av eit eingongsbeløp og ein årleg del av den produserte verdien som følgje av utbygginga. Kjelde: Jæren Energi/Norsk Vind Energi

felles med Sverige. Men ein del av prosjekta som står på vent vil nok bli realisert, trur Selfors.

I motsetning til vasskraft, der den offentlege eigarskapen i større prosjekt skal vere på minst to tredelar, er det ikkje slike krav til vindkraftanlegg. I tala til NVE er det også berre eit fåtal vindkraftanlegg ute i sjøen. 4 av dei 21 som har fått konsesjon er meir eller mindre sjøbaserte, og alle er nær land.

– Store offshoreprosjekt på djup sjø har vi så langt sett lite til, seier seniorrådgjevar i NVE, Asle Selfors.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no



Oppstart: Etter år med omkampar og stadig auka beløp i statleg støtte, kunne utbyrørar i Time, Arnfinn Vigrestad, stortingsrepresentant for Sp, Geir Pollestad, og dag

Spadetak for

Nesten ti år etter at dei første initiativa blei tekne, kunne eigarar og eldsjeler i går markere at bygginga av landets nest største vindpark er i gang.

TIME/HÅ. Med stabil vind i ryggen og med lyngheiene på Høg-Jæren som kulisser, var det i går duka for markering av at den største utbygginga av vindkraft på over fem år er i gang. 32 vindmøller, som alle blir høgare enn landets største bygning, Oslo Plaza, skal frå neste sommar produsere nok energi til å dekkje straumforbruket til meir enn dei nær 35.000 innbyggjarane i verts kommunane Time og Hå.

Dagleg leiar i Jæren Energi, Lars Helge Helvig, nølte ikkje med å plante det norske flagget der servicebygget skal stå.

– Dette er heilt fantastisk. Ein milepel. Det har tatt tid, men vi

har aldri gitt opp. Eg har alltid sagt at dersom vi skal ha vindkraft i Norge, så er dette plassen. Forholda her er heilt perfekte, seier Helvig og smiler nøgd medan vinden riv i lua.

Lang veg fram til målet

Med japanske aksjonærar i ryggen og heile 511 millionar kroner i statleg støtte frå Enova, har dei siste brikkene kome på plass dei siste åra. Og i påsken fatta selskapet vedtak om å gå i gang med utbygginga til nærare 1,2 milliardar kroner. Men fram til dette har vegen vore lang og terrenget ulendt.

Arbeidet med å få byggje ut vindkraft på Høg-Jæren starta

* Energi

Gründerane i Måløy har kasta seg på offshore vindkraft. Dei meiner Terje Riis-Johansen tek feil i at vindkraft til havs ligg langt fram i tid.

Måløy har fått fart på vindmøllene

Den tradisjonsrike fiskerihavna Måløy i Sogn og Fjordane har starta orienteringa mot vindkraft, og spesielt den som står langt til havs.

Bedrifter og gründerar som hevdar seg i ei internasjonal og veksende bransje gler Alfred Bjørlo, dagleg leiar i det kommunale næringsutviklingsselskapet Måløy Vekst.

– Eg håpar og trur at offshore vindkraft kan bli eit nytt bein å stå på for Måløy. Eg ser eit stort potensial for sysselsetjing og verdiskaping med offshore vindkraft, seier han, og anslår at minst 50 personar er sysselsett i vindkraftrelatert arbeid i kommunen.

Utstyr og produksjon

I Måløy har offshore vindkraft to sider: Den eine er alle bedriftene som leverer til produksjon og drift av vindkraftturbinar, den andre er ei mogleg utbygging i havet utanfor. Den siste er fiskerinæringa, som har vore den viktigaste i Måløy i mange år, svært skeptiske til. Utbygging ligg lenger fram i tid, leverandøriindustrien er allereie på plass.

Bjørlo samanliknar utviklinga med den Rogaland og Stavanger fekk når Norge fann olje.

– Det er store ord, men det som er likt, er at når bedriftene ser den nye næringa i nærområdet gjev det eit heilt anna trykk på kva dei er opptekne av og interesserte i.

Ligg nær næringane

Bjørlo seier bedriftene som no produserar for vindkraftindustrien hentar kunnskap frå dei maritime næringane, som dei har drive med i lang tid. Samtidig er dei små og tilpassningsdyktige.

– Den kompetansen som er her



finn du ikkje andre stader. Bedriftene ligg nær verfts-næringane og det praktiske livet på sjøen. Her er det «hands on», og det utfyller andre miljø, som forskningsmiljøa.

Medan Bjørlo berømmer næringsminister Trond Giske (Ap) for å ha skjont kor viktig offshore vindkraft kan bli, er han meir kritisk til olje- og energiministeren.

– Terje Riis-Johansen (Sp) skal ha ros for å ha fått på plass havenergiloova, men eg meiner han er passiv når han seier offshore vindkraft ligg langt fram i tid. Det er ei farleg haldning, seier han, og konstaterer at dei allereie er i gong i Måløy.

Skeptiske i Fiskarlaget

Leiaren i Sogn og Fjordane Fiskarlag, Jarl-Magne Silden, tykkjer ein skal vere langt meir nøktern når ein snakkar om vindkraft. Han fryktar det same skal skje for fiskarane no som då oljen kom, nemleg at dei blir skyvd vekk.

– Problemet er at dei områda som vert peikt ut har vore nytta av oss i generasjonar, og er viktige fiske- og gyeområder. Og det er klart at vi blir fortrent når det kjem vindmøller. Vi stiller oss uforståande til at det skal vere god politikk å subsidiere ei utbygging som fortrengrer ei næring som er sjølvbærande, og som haustar frå ein evigvarande ressurs som skaffar mat til verda, seier han.

Silden krev at fiskerinæringa

Fakta

Vindkraftbedrifter i Måløy

* **Easy Form:** Designar, utviklar og produserer støypeformer til vindmølledeklar.

* **Stadt Towing Tank:** Testsenter med eit 180 meter langt testbasseng, der dei testar ting som skal ut i sjøen under ulike hav- og bølgetilhøve.

* **Måløy Verft:** Skipsverft som har utvikla eit servicefarty for offshore vindkraft.

* **Brothers:** Utviklar eit konsept for å entre offshorevindmøller frå båt, i samarbeid med Statoil.

* **Sikkerheitssenteret i Måløy:** Ligg under Måløy vidaregåande skule, og har Norges mest avanserte skipssimulator, der båtførarar kan trene på å manøvrere i offshore vindparker.

* **Vestavind kraft:** Eigd av regionale kraftselskap, og har fått konsesjon for å bygge eit testområde for fullskala, flytande offshorevindmøller.

* **Kvalheim Kraft:** Har fem vindmøller ståande på fjellet Mehuken utanfor Måløy. Har åtte nye under bygging.

* **Havkraft:** Bedrift under oppbygging, som satsar på bølgekraft.

får vere med å bestemme kor det skal komme vindmøller.

– Politikarane er veldig interesserte i alt som har «grønt» i namnet. Vi er ikkje imot vindkraft, men vi må unngå å gjere dei same feila som då oljen kom, nemleg at fiskeria vart fortrent. Vi må få vere med i beslutningsprosessane, slik at vindkraft ikkje blir til hinder for fiskeria og ikkje ødelegg viktige gyeområder, seier han.

ANDERS ELTVIK

anders.eltvik@nationen.no



Får fart: Næringsutviklar Alfred Bjørlo i Måløy fastslår at offshore vindkraft er her for. Næringsminister Terje Riis-Johansen (Sp) viser ei passiv haldning når han seier det ligg langt fram i tid.

Bedriftene

Det var nærast tilfeldig at bediftene Easy Form og Måløy Verft hamna i vindkraftbransjen. Men dei angrar ikkje.

To av bedriftene i Måløy som har retta seg inn mot offshore vindkraft er Måløy Verft og Easy Form. Fyrstnemnde held på å produsere sin fyrste katamaran som skal nyttast til service på vindmøller til havs, medan Easy Form lagar former som nyttast til støyping av delar til vindmøller.

– Europa ventar

– Eg trur dette blir som med ol-

jebransjen. Ein tok fyrst i bruk dei skipa ein hadde for å betjene plattformane, og så utvikla ein dei flotte offshore-fartya ein har i dag. Dette blir ein stor industri, og «heile» Europa står og ventar på testane av den nye båten vår, seier dagleg leiar Evald Bortne ved Måløy Verft.

Han fortel at han knapt hadde høyr om offshore vindkraft då to Bergens-reiarar kom og ba han



...or fullt allereie, og meiner olje- og energimi-
...am i tid.

ALLE FOTO: ANDERS ELTVIK



Båtbyggjar: Dagleg leiar Evald Bortne ved Måløy Verft har funne ei ny nisje for sin produksjon av hurtiggående katamaranar.



Fresar: Endre Kvalheim og bedrifta Easy Form leverer til verdas største vindmølleprodusent. Her fresar maskina fram grunnlaget til ei form som skal nyttast til å støype den delen som sit ytterst på navet til vindturbinane.



KOMMENTAR

Erling Kjekstad

erling.kjekstad@nationen.no

Flau bris på mølla

I dag kan vi rapportere om oppstarten av et nytt, stort vindmølleprosjekt i Norge. Det er sannelig på tide. Men det mest bemerkelsesverdige er likevel at prosjektet kommer såpass seint, og har tatt såpass lang tid.

Hvorfor går det så sakte med oppbyggingen av en grønn norsk industrisatsing? Politikerne snakker jo stadig om denne satsingen. De bruker store ord. Månelanding, sier de. Men altfor ofte blir det med pratet. Og altfor ofte ender vi opp med molbohistoriene.

Den siste presenterte NRK i går morges. Nå skal kommuner på Vestlandet frakte søppelet sitt tvers over Norge der det er breddest. Søppelet skal brennes i Sverige. Svenskene har nemlig klart det vi i Norge ikke har maktet: Å bygge opp en effektiv gjenvinningsindustri. Som om den historien ikke var nok, sto en tilsvarende sak på trykk i gårsdagens Nationen: Terje Hansen fra Åsnes rydder småskog på Østlandet. Kvist og kvas sender han til forbrenning. I Sverige.

Slik illustreres den generelt begreidelige innsatsen i oppbyggingen av grønne norske næringer. Den oppbyggingen kommer ikke av seg sjøl. Det holder ikke med entusiasme, ildsjeler og smarte oppfinnelser. Det holder heller ikke med satsing på at markedet vil ordne opp. Her, som alltid ellers, trenger markedet styring. De grønne industriene trenger en hjelpende hånd fra politikere. Kodeordene er gode rammevilkår og langsiktighet. Her har det skortet på evne og vilje i Norge. Men i Sverige har myndighetene sørget for slike rammevilkår. Og hvordan tror man danskene ble en industriell stormakt på vindmøller til lands? Eller at britene får til sine enorme havmølleparker?

«Vi kommer sent, men vi kommer godt», skrev Rogalands store sønn, Alexander Kielland. Nå er de kommet i gang på Jæren. Forhåpentligvis innebærer det at norsk vindenergi også vil komme godt heretter. Men vi tror det ikke før vi ser det. Her kan ingen seiere tas på forskudd.

Erling Kjekstad er kommentator i Nationen.

går frå blått til grønt

utvikle servicebåten dei no bygger.

– Vi bestemte oss for å gå inn i denne marknaden. Og når vi ser at denne båten leverer så godt som han skal, og det kjem han til å gjere, skal vi bygge tre båtar til for samme reiarlag. Framover er det venta eit behov på 200-300 skip til vindparker i Europa, seier han.

Den fyrste båten skal leverast i oktober, og kontrakten er verd 45 millionar kroner for Måløy Verft.

– Vi har brukt veldig mykje pengar på å utvikle båten, og har nytta oss av all den kompetansen som er i nærområdet. Dette

er ei ny nisje for oss, med stort potensial. Mykje større enn for tradisjonelle hurtigbåtar, som var marknaden vår før, fortel Bortne.

Full fres

Ein av dei næraste naboane til Måløy Verft er Easy Form. Bedrifta vart starta av sivilingeniør Endre Kvalheim, og den har spesialisert seg i å designe og produsere former som er grunnlaget for å støype nær sagt alt mogleg.

Utgangspunktet var å lage former til båtskrog, men gründerane fann ei nisje i vindkraft.

– Vi kom inn i vindkraft fordi vi såg det var litt risikabelt å berre stå med norsk båtbransje. Vi gjekk inn i vindkraft rett før finanskrisa. Då stoppa båtbransjen, og det lønte seg å vere i vind, seier Kvalheim.

Han karakteriserer vindbransjen som «heilt greitt betalt, enorme volum, korte fristar og sterk vekst».

– Vi er den litt usynlege underleverandøren som syter for at Vestas (verdast største vindturbinprodusent) og Siemens kan komme ut med produkta sine, beskriver Kvalheim.

Den avanserte maskina som

freser ut formene finns berre i Oslo og Trondheim i tillegg til Måløy, og dei er ifølgje Kvalheim mykje mindre enn hans. Han ser mest fordelar ved å vere plassert ute i distriktet.

– Her har vi veldig trufaste folk, med eit bra teknisk nivå. Dei har skrudd på noko «heile livet». Eit minus er at det er vanskeleg å komme hit. Samstundes er det ein grei test på kor interessert kunden er i å kjøpe frå oss. Når han fyrst kjem hit, er han interessert, seier Endre Kvalheim.

ANDERS ELTVIK
anders.eltvik@nationen.no